

Lindås Kommune
Teknisk etat
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Vedr kommuneveg Åsgard og Hindenes

Hindenes og Åsgard Grendalag vil på vegne av bebuarane på Hindenes og Åsgard be om at kommunen tar tak i brøyting og strøing av kommunevegane på Hindenes og Åsgard.

Slik vi opplever det no blir desse vegane brøyta og strødd for sjeldan, og gjerne ikkje før nokon har ringt og klaga.

Det skal ikkje vere slik at ein heile tida må klaga for å få desse tenestene utført.

Denne manglande brøytinga og strøinga fører til dårlig framkomst grunna mykje snø og ustrødde vegar.

Vi har inntrykk av at kommunen informerer dei utførande for dårlig, då det i fleire år har vore bebuarar som må ringje i starten av vintersesongen for å få i gong brøyting og strøing. Dette er spesielt eit problem når det kjem inn nye entreprenørar som skal stå for brøytinga.

Vi er klar over at kommunevegane ikkje vert brøyta og strødd like mykje som t.d. fylkesvegane, men vi registrerer at t.d. kommunevegen ned til Vetterstø (på Kløvheim-sida) blir både brøyta og strødd mykje oftare enn kommunevegen ned til Åsgard og Indre/Ytre Hindenes.

Håpar kommunen kan ta tak i dette slik at ein får det til å fungere betre.

Med helsing
for Hindenes og Åsgard Grendalag
Bent Høydebu